



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### Innspel fra Seljord kommune om viktige regionale interesser - nasjonal ramme for vindkraft på land

Viser til brev datert 08.06.2018 fra NVE der de ber om innspel om viktige regionale interesser i samband med at NVE arbeider med eit forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land.  
Føremålet med den nasjonale ramma er å bidra til at dei beste vindkraftlokalitetane blir valt når det vert søkt om konsesjon.

Store deler av Seljord kommune er med i analyseområde nr 5, jf *NVE sine analysearealer detaljkart*.  
I Seljord ligg høge og store fjellandskap:

**Lifjell** grensar mellom Seljord, Notodden og Bø kommunar. Dette er eit viktig regionalt friluftsområde med hytteområde i liene opp mot høgfjellet. Den norske turistforening (DNT) har eit stort merka stinnett på Lifjell. Det er også merka/stikka skiløype om vinteren. Deler av området er viktig beite- og leveområde for sau og vilt. Ein av dei høgaste toppane er Røysdalsnuten 1291 moh. Gjennom Grunningsdalen nord for Lifjellplatået, går dei store overføringslinjene (høgspentlinjer) frå Vest-Telemark og austover.

**Mælefjell** ligg nord for Lifjell og er eit massivt fjellparti som ligg mellom Seljord og Hjartdal kommunar. Høgaste toppen er på 1413 moh. Store deler av Mælefjell er fjell og stein. Det er lite beiteområde rundt toppen av Mælefjell, men området lenger nede og rundt fjellet har viktige beite- og leveområde for sau og vilt.

**Skorve** ligg rett nord for sentrum av Seljord. Høgaste toppen er Gøyse 1369 moh. Spådomsnuten er eit parti søraust på Skorve. Denne nuten vert overvaka av NGU pga ustabile parti. Skorve, Nordnibba og Kivledalen er viktige beite- og leveområde for sau og vilt.

Sundsbarm kraftverk / Skagerak Energi AS har kraftverk i Seljord med Sundsbarmvatnet som magasin. Det går overføringer frå vatn, tjønnar og elvar vest for Sundsbarm (Lintjønn, Nystaulvatnet mfl).

**Brattefjell-Vindeggen** ligg nord i Seljord kommune. Dette er eit landskapsvernområde som dekkjer fire kommunar; Seljord, Hjartdal, Vinje og Tinn. Og slik vi les kartet, så omfattar analyseområde nr 5 deler av alle dei fire kommunane. Det som kanskje er mest spesielt for dette området, er ein vinterstamme med villrein på 500 dyr (+/- 10 % avvik). Hovudmålet med forvaltninga av villreinen i Brattefjell-Vindeggen er framleis å sikre ei livskraftig og produktiv villreinstamme. Og eitt av delmåla for villrein- og utmarksutvalet er å "Arbeide mot inngrep og forstyrringar i området som kan redusere reproduksjonsevna og arealbruken til villreinstamma, men og slik at ei god og tilpassa stamme kan bidra til verdiskaping i bygdene omkring."

I tillegg er dette området viktig beiteområde særleg for sau, men også delvis for storfe.

Med venleg helsing

Torunn Raftevold Rue

Natur- og Miljørådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.*

|                        |                   |      |               |
|------------------------|-------------------|------|---------------|
| TINN KOMMUNE RÅDMANNEN | Postboks 14       | 3661 | RJUKAN        |
| HJARTDAL KOMMUNE       | Saulandsvegen 414 | 3692 | SAULAND       |
| VINJE KOMMUNE          | Vinjevegen 192    | 3890 | VINJE         |
| BØ KOMMUNE             | Postboks 83       | 3833 | BØ I TELEMARK |
| NOTODDEN KOMMUNE       | Postboks 193      | 3672 | NOTODDEN      |